

# LINDÅS KOMMUNE

## Reguleringsføresegner for:

jf plan- og bygningslova (pbl) §§ 12-2 og 12-7

### Områdeplan Fylkesveg 57, Knarvik – Isdalstø

#### Plan ID 1263-201201

Datert 21.05.2013

Revidert 04.10.2013 og 19.12.2013

Vedteken av kommunestyret i sak 106/13, den 19.12.2013

#### Innhald:

Formål og innhald i planen

- § 1 Felles føresegner
- § 2 Plankrav og utfyllande planar
- § 3 Krav om rekkefølge
- § 4 Bygningar og anlegg – felles føresegner
- § 5 Bygningar og anlegg – Samferdsle (kollektivterminal) / Sentrumsformål
- § 6 Bygningar og anlegg – N/B Kombinert næringsområde og bustadsområde
- § 7 Bygningar og anlegg – Vass- og avlaupsanlegg - sedimentbasseng
- § 8 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- § 9 Grønstruktur
- § 10 Omsynssoner

## § 1 FELLES FØRESEGNER

### 1.1 Utforming og estetikk – veganlegg, konstruksjonar, bygg og utomhusareal

Arkitektonisk kvalitet med varige materialar og gjennomarbeidd detaljering skal vektleggjast i utforming av veganlegg, bygg og uteareal. Bymessig preg i form og uttrykk er særskilt viktig mot dei sentrale byromma, som veganlegget i Knarvik og byggeområdet S1.

### 1.2 Landskapsbehandling og terrengtilpassing

Nybygg og nytt veganlegg med tilhøyrande anlegg skal utformast og utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og områda rundt. Skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. I Knarvik skal veganlegget ha eit bymessig preg med god arkitektonisk kvalitet.

### 1.3 Universell utforming

Uteareal og gangvegar skal ta særlege omsyn til universell utforming, jfr. Plan- og bygningslova § 12-7 nr 4, med vekt på slakast mogleg stigningsforhold, lyssetting, kontrastmarkeringar, eigna møblering og dekke.

### 1.4 Kulturminne

Før iverksetjing av tiltak i høve reguleringsplanen, skal det gjennomførast ei arkeologisk gransking av den råka automatiske kulturminnelokaliteten i planområdet, id 97668 avsett som bestemmelsesområde #1. Det skal takast kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

Dersom andre funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid (mogleg freda kulturminne), skal arbeidet stansast og Hordaland fylkeskommune varslast jamfør kulturminnelova § 8, 2. ledd.

### 1.5 Tiltak i sjø

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse etter Havne- og farvannsloven, §27 første ledd.

### 1.6 Parkering jfr. Plan- og bygningslova § 12-7 nr 7

Alle offentlege og felles parkeringsplassar/-anlegg skal ha minimum 10% og ikkje mindre enn 2 parkeringsplassar tilrettelagt og reservert for rørslehemma.

Minst 10% av parkeringsplassane skal leggjast rette til for elbilar og ha ladestasjonar.

Parkeringsbehov som blir dekkja utanfor tiltaket sin eigedom må dokumenterast med tinglyst erklæring/avtale om bruk.

All parkering i felt for sentrumsformål og næringsområder skal skje under bakken eller i bygg.

#### Krav til parkeringsdekning:

Formål/ verksemd	Grunnlag for utrekning	Bil	Sykkel
Bustad	100 m <sup>2</sup> BRA	1,2	2
Sentrumsformål	1000 m <sup>2</sup> BRA	20-35	6
Kontor	1000 m <sup>2</sup> BRA	12	7
Næring	1000 m <sup>2</sup> BRA	8	2
Hotell	Gjesterom	0,6	0,2

Krav til innfartsparkering i Knarvik vert fastsett i detaljplan for område S1

## Parkering for sykkel

Alle bygg og anlegg med publikumsretta funksjonar skal ha gode tilbod for sykkelparkering. Tal på plasser til sykkelparkering skal setjast i detaljplan. Sykkelparkering skal dokumenterast i samband med søknad om rammeløyve. Avsette område må vera oversiktlege og ha god lyssetjing. Minst 50% av sykkelparkering for arbeidstakarar skal vera under tak.

### 1.7 Avkjørsler

Der avkjørsler er vist med pil på plankartet skal den endeleg fastsetjast i samband med detaljregulering eller ved søknad om rammeløyve der det ikkje er krav til detaljplan.

### 1.8 Nettstasjon, jfr. Plan- og bygningslova § 12-7 nr 2

Energibehov og eventuelt areal til nettstasjon skal avklarast og dokumenterast i samband med detaljplan eller søknad om rammeløyve der det ikkje er plankrav. Nettstasjon skal byggjast som ein integrert del av bygg eller uteområde, slik at utforming og plassering og ivaretek føresegna punkt 1.1 og 2.2. Plassering og utforming skal skje i samarbeid med nettselskapet.

Alle elektriske kablar skal leggjast i grunnen.

### 1.9 Energi, jfr. Plan- og bygningslova § 12-7, nr. 4

Nye bygg skal leggje til rette for lågt energiforbruk og for energiforsyning frå miljøvennlige energikjelder. Saman med rammesøknad skal det sendast inn grunngjeving for og dokumentasjon av valde energiløysning, jamfør TEK.

Dersom det vert gjeve konsesjon for fjernvarme i heile eller delar av planområdet skal nye bygg i konsesjonsområdet leggjast til rette for forsyning av vassboren varme, og desse bygga skal knytast til fjernvarmeanlegget jf pbl §27-5 nr 3.

### 1.10 Støy, jamfør Plan- og bygningslova § 12-7, nr. 4 og Støyforskrifta T-1442 (2012)

Ved søknad om tiltak i raud støysone skal det gjerast greie for støyreducerande tiltak som skal gjennomførast for å oppnå tilfredsstillande støyforhold etter gjeldande regelverk. Naudsynte tiltak skal dokumenterast i søknad om løyve til tiltak og skal vera utført før ferdigattest vert gjeve.

I samband med bygging av veganlegg skal det utførast lokale støytiltak på eigedomar innanfor raud sone slik at høgaste døgnekvivalent nivå ikkje overstig 30 dBA innendørs og 55 dBA på uteoppholdsareal i samsvar med byggeplan for veganlegget. Støyskjermar skal ha ei utforming som harmonerer med bygg i nærleiken og sentrumsområdet.

### 1.11 Offentlege areal og fellesareal, jfr. Plan- og bygningslova § 12-7, nr. 14

Offentlege areal:

- Vegar
- Gang- og sykkelvegar
- Grøntstruktur
- Kollektivterminal / Sentrumsformål, Område S1
- Haldeplassar buss
- Parkeringsanlegg

Felles areal:

- Køyrevegar /avkøyrslar

Fellesveggar er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå vegen.

## § 2 PLANKRAV OG UTFYLLANDE PLANAR

### 2.1 Krav om detaljregulering jfr. Plan- og bygningslova § 12-7, nr 10, 11 og nr. 12

For fylgjande område skal det utarbeidast felles detaljreguleringsplan for heile området jf pbl §12-3, supplert med illustrasjonsplan:

- S1 Kollektivterminal / sentrumsformål
- N/B Kombinert Næringsområde / bustad

Detaljregulering skal mellom anna vise tilkomst, utnytting, byggehøgder, volum, plassering, høgder og hovudtrekk i utforming av bygg, terrenginngrep, utomhusareal (kvalitet og mengd), gangveggar/passasjar internt og som del av eit større nettverk, parkeringsløyising, sykkelparkering og evt støyskjerming. Det skal også gjerast greie for lysinnfall og soltilhøve for bustader, samspel med naboeigedom, eventuell etappevis utbygging, korleis varme- og energibehovet skal løysast, samt handtering av varetransport og buss. Krav til ferdigstilling av grøntareal og offentlege passasjer skal inngå i detaljplanane.

Kommunen skal ha terrengsnitt og fotomontasje / 3D illustrasjonar som syner korleis byggjeområda skal passa inn i høve til kringliggjande bygg, landskap og byrom.

### 2.2 Illustrasjonsplan

For fylgjande område skal det utarbeidast illustrasjonsplan i målestokk 1:500 før det vert gjeve løyve til tiltak:

- P1 Parkeringsanlegget i Isdalstø.
- F1 Friområdet langs Hagelsundet og turveg

Illustrasjonsplanen skal mellom anna vise tilkomst, parkeringsløyising, sykkelparkering, evt støyskjerming, murar, terrenginngrep, vegetasjonsplan (kun F1), gangveggar/passasjar internt og som del av eit større nettverk,. Krav til ferdigstilling av grøntareal og offentlege passasjar skal inngå i detaljplanane.

Kommunen skal ha terrengsnitt og fotomontasje / 3D illustrasjonar som syner korleis byggjeområda skal passa inn i høve til kringliggjande bygg, landskap og byrom. Illustrasjonsplan for området F1 skal vere utarbeidd av landskapsarkitekt.

Illustrasjonsplanen skal godkjennast av kommunen.

### 2.3 Byggeplan

Før anleggsstart skal det utarbeidast komplette byggeplanar for heile veglinja med sideareal i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og føresegnene til områdeplan for fv 57, Knarvik - Isdalstø. Vidare geologiske undersøkingar av mellom anna overdekning av tunnelen og tunnelportalar skal ligge ved byggeplanen for veganlegget.

Planen vert handsama og godkjent av vegvesenet.

## 2.4 Overvassplan og VA rammeplan

### Felles

Lokal overvasshandtering skal leggjast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i situasjonen for avrenning nedstraums frå byggjeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet for areala nedstraums utsleppet.

Overvassplan og VA rammeplan skal godkjennast av kommunen.

### Veganlegget

Rammeplan for overvatn skal ligge ved byggeplanen for veganlegget og vere godkjent av kommunen. Rammeplanane skal også omfatte løysingar for bekken i Isdalstø.

Rammeplan vatn og avlaup (inkludert plan for omlegging av eksisterande leidningar som er i konflikt med veganlegget) skal ligge ved byggeplanen for veganlegget, og godkjennast av kommunen.

Pumpeanlegg må dimensjonerast for å ta unna overvatn.

### Bygg

Det skal utarbeidast ein samla VA-rammeplan som viser vassforsynings-, overvass- og spillvasssystemet, samt uttak for brannsløkking. Godkjent VA-rammeplan skal føreliggje før rammeløyve til tiltak kan gjevast.

## 2.5 Plan for Ytre Miljø, YM-plan

Planen skal liggje ved byggeplanen, og krav i YM-planen skal følgjast. Rigg og marksikringsplan skal vera ein del av YM-planen.

Toppjordlaget innanfor områda som vert råka av vegbygginga (inkludert anleggsbelte og riggområde) skal takast av og lagrast separat i anleggsperioden.

Kantsoner langs bekkar og vassdrag skal handsamast med varsemd. Der kantsoner eventuelt vert øydelagde skal desse revevegeterast /plantast til så raskt som mogleg.

Planen vert handsama og godkjent av vegvesenet.

## 2.6 Vern mot ureining

Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i nærliggjande bekker og vatn. Byggeplanen skal omtale løysing for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase. Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.

## 2.7 Anleggsperiode Planar som vert utarbeidd og handsama av Statens vegvesen

Det skal føreliggje ein plan for anleggsperioden der det blir gjort greie for trafikktryggleik, handtering av evt forureina grunn, og tiltak for å hindra forureining av vatn og vassdrag. YM plan med rigg og marksikringsplan.

Det skal utførast ein Sikker jobb analyse, SJA, som skal liggje ved byggeplanen. Krav i SJA skal følgjast. Sikring mot ras og steinsprang i anleggsfasen skal vera ein del av SJA.

Før anleggsstart skal det utarbeidast plan for korleis trafikken langs E39 og fv 57 skal avviklast gjennom byggeperioden.

### § 3 KRAV OM REKKEFØLGJE

#### 3.1 Rekkefølgekrev jfr. Plan- og bygningslova § 12-7, nr. 10

##### Før oppstart av vegerlegg

Før vegerlegget kan starta opp skal prosjektering av omlagde vassleidningar vera godkjent av kommunen.

Før vegerlegget kan starta opp skal det gjerast naudsynte grunnundersøkingar og geotekniske vurderingar. Undersøkingane skal leggjast til grunn for byggeplan for vegerlegget.

Før iverksetting av tiltak i høve reguleringsplanen, skal det gjennomførast ei arkeologisk gransking av den råka automatisk freda kulturminnelokaliteten id 97668, bestemmelsesområde 1. Det skal takast kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

##### Før vegopning

Før vegopning av vegen for køyrety, skal og fylgjande vere ferdigstilt: kopling til felles vegar, gang- og sykkelvegar, naudsynte sikringsgjerde og tiltak i tilknyting til vegen og bruer, samt istandsetting og tilbakeføring av areal til det føremålet som er vist på planen.

Før vegopning skal støyreducerande tiltak i samsvar med støyvurdering til reguleringsplan og byggeplan til vegerlegget vera utført.

### § 4 BYGNINGAR OG ANLEGG - FELLES FØRESEGNAR (PBL § 12-5 NR. 1)

#### 4.1 Utnytting, byggehøgde og plassering av bygg

##### 4.1.1 Grad av utnytting og byggehøgde

Maksimal tillatt grad av utnytting og byggehøgder vert sett i samband med utforming av detaljplan.

Grad av utnytting, plassering og høgde skal avgjerast ut frå konsekvensar for naboområder og nytt byggeområde. Soltilhøve, utsikt, innsyn, kvalitet på uteopphaldsareal og byform skal vektleggjast.

Parkeringsareal under bakken skal ikkje inngå i grunnlaget for berekning av grad av utnytting eller etasjetal. Parkeringsareal på og over bakken skal reknast med i grad av utnytting.

Detaljplanen skal ta stilling til sokkeletasjer og takoppbygg for tekniske installasjonar og takhagar.

#### 4.2 Kvalitetskrav til uteopphaldsareal. Jfr. Plan- og bygningslova 12-7, nr 4

Detaljplanen skal ta stilling til kvalitetskrav for uteopphaldsareal.

Krav til uteopphaldsareal går føre tillate utnyttingsgrad og bustadtype.

#### 4.3 Kvalitetskrav til bustadområde

Alle husvære skal ha lysinnfall frå minst to sider. Der området ikkje ligg til rette for lysinnfall frå to sider, kan krav fråvikast ved dokumentasjon som visar at god bukvalitet vert oppretthalde med omsyn til utsyn, innsyn, lys og luft.

Bygg skal organiserast og plasserast slik at ingen får direkte innsyn i privat hovudopphaldsrom eller privat opphaldsrom.

### § 5 BYGNINGAR OG ANLEGG – SAMFERDSLE (KOLLEKTIVTERMINAL) / SENTRUMSFORMÅL

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-7

#### 5.1 Byggeområde for kollektivterminal / sentrumsformål kan nyttast til kollektivterminal, parkering, forretning, kontor, offentleg og privat tenesteyting, hotell/overnatting og servering.

5.1.1 Formål med detaljplan for området skal vera kollektivterminal med kapasitet til 15 bussar samstundes, tilhøyrande innfartsparkering, sykkelparkering, publikumsanlegg for reisande, benkar og andre innretningar for service for kollektivreisande.

Omfanget av parkeringsplassar skal avklarast i detaljplan.

Dei andre formåla skal underordna seg kollektivformål og innfartsparkering og tilpassast dette. Mindre forretningar og serveringsstader kan etablerast i området. Bygg skal ha publikumsretta aktivitetar og opne fasadar jfr føresegnene sitt kap 1. Det er ikkje tillatt med bustader innanfor dette området.

5.1.2 Det er krav om detaljplan for hele området, jfr føresegnene sitt punkt 2.1. Detaljplanen skal fastsetje utnytting og byggehøgder. Plassering og arealfordelinga mellom dei ulike funksjonane skal avklarast og grunngjevast i detaljplan.

Detaljplanen skal og regulere ei planfri kryssing til Knarvik senter.

#### 5.2 S1 er ein svært viktig del av Knarvik sentrum med skyss stasjon, parkering, og noko sentrumsføremål. Utforminga av anlegget, jf. punkt 2.1, må utformast som eit trygt urbant område med bymessige kvalitetar. Området har ei særskild plassering både som markør av Knarvik sentrum og som fondvegg i vegrommet. Arkitektoniske kvalitetar som markerer inngangen til Knarvik sentrum skal leggjast særleg vekt på. Den sørvestre delen av området kan visuelt konkurrere med veganlegget og det er særskild viktig at det kjem eit fondbygg her, eventuelt over kollektivterminalen.

### § 6 BYGNINGAR OG ANLEGG – N/B KOMBINERT NÆRINGSOMRÅDE OG BUSTADOMRÅDE

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-7

#### 6.1 Byggeområde for kombinert næring og bustad kan nyttast til kontor, offentleg og privat tenesteyting og bustader. Kjøpesenter, lager eller plasskrevjande vareslag som bilar, motorkjøretøy, trelast og andre større byggevarer er ikkje tillatt.

Det er krav om detaljplan for heile området, jfr. føresegnene sitt punkt 2.1.

- 6.2** Plassering, høgde, volumoppbygging og fasadelengder skal ta omsyn til konsekvensar for mellom anna soltilhøve, utsikt og innsyn for eksisterande bustader i Hagellia og Litlevika.

Fasadar som vender seg mot gater og eksisterande og nye bustader skal framstå med variert arkitektonisk uttrykk. Fasadeutforminga skal bidra til bymessig mangfald.

Alle bustadene skal ha privat uteplass på minimum 25m<sup>2</sup> som tilfredstillar krava i § 4.3. Krav til uteopphaldsareal går føre tillate utnyttingsgrad og bustadtype.

Eventuelle støyskjermar skal ferdigstillast før ein kan gi ferdigattest for nye bustader eller næringsbygg. Skjermingstiltaka skal formast slik at skjermar, bygg og uteplassar utgjer ein heilskap. Boder, sykkelkur og liknande kan integrerast i skjermingstiltaka.

## **§ 7 BYGNINGAR OG ANLEGG – VASS OG AVLAUPSANLEGG – SEDIMENTBASSENG**

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-7

- 7.1** Innanfor områda satt av til sedimentbasseng skal det anleggjast infiltrasjonsanlegg for overflatevann frå veganlegget. Prosjektering av sedimentbasseng skal inngå i overvassplan for veganlegget.

## **§ 8 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

Jamfør Plan- og bygningslova § 12-7

- 8.1** Innanfor regulert areal til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan det gjerast justeringar på lineføringa av vegen.

### **8.2 Offentleg køyreveg**

Offentleg køyreveg skal opparbeidast med lineføring og breidde som går fram av planteikningane. Vegen skal ha høgde +/- 1 m og vertikalkurvatur som illustrert på lengdeprofil for kvar teikning.

### **8.3 Felles vegar**

Private vegar skal opparbeidast med avkøyring i samsvar med plankartet.

### **8.4 Fortau og gang- sykkelvegar**

Offentleg fortau og gang- og sykkelvegar skal opparbeidast med lineføring og breidde som går fram av planteikningane.

### **8.5 Annan veggrunn teknisk anlegg og grøntareal**

Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombels anleggsvegar og mellombels massedeponi. Det skal ikkje gjerast inngrep i desse areala, som skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor "Annan veggrunn" kan skje som følgje av uføresette tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal



som skal disponerast til vegformål vil fråvika noko frå det som går fram av formålsgrensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil verte nytta til tilstøytande formål.

Arealet kan nyttast til passasjar for gang- og sykkeltrafikk dersom det ikkje skadar eller endrar det offentlege vegarealet.

#### 8.5.1 Annan veggrunn teknisk anlegg

Anna veggrunn teknisk kan nyttast til tiltak knytt til drift og vedlikehald av tilstøytande veggrunn, til framføring av teknisk infrastruktur og brupilarar.

Området sør og vest for Hagellia skal ferdigstillast med naturpreg samsvarande kringliggjande områder.

Områda kan nyttast til rigg- og anleggsområde for gjennomføring av veganlegget, det gjeld mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar m.m. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte, jf plan for SJA.

Matjordlaget skal takast av og leggjast til side før stein vert deponert.

#### 8.5.2 Annan veggrunn grøntareal

Annan veggrunn grøntareal kan nyttast til skjeringar, fyllingar, støyvoller/støyskjermer, rekkverk, murar og grøfter.

Området skal ferdigstillast med ei parkmessig opparbeiding der det ligg til rette for det.

Jord-fyllingar og -skjeringar skal verte sett i stand og revegetert med mest mogleg bruk av eksisterande vekstmassar som er lagra i anleggsperioden. I tillegg kan områda plantast til med stadeigne planter.

### 8.6 Haldeplass

Venteskur skal førast opp i tilknytning til haldeplassar.

### 8.7 Parkeringsanlegg P1

Parkeringsanlegget er offentleg og skal vere innfartsparkering. Tal på plassar skal fastsettast i søknad om løyve til tiltak. Det skal utarbeidast ein illustrasjonsplan ved søknad om løyve til tiltak.

Områda kan nyttast til rigg- og anleggsområde for gjennomføring av veganlegget, det gjeld mellombels bygningar (brakker) og anlegg, riggområde, lagring av massar m.m. Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte, jf plan for SJA.

## § 9 GRØNSTRUKTUR

Det er sett krav om godkjent illustrasjonsplan utarbeidd av landskapsarkitekt for området F1 og turvegen før det vert gjeve løyve til tiltak, jamfør føresegnene punkt 2.1.

## 9.1 Friområde 1

Området skal leggjast til rette for gåande, bading, fiske frå land, utsetting av kajakk og kano mm.

Det kan opparbeidast stiar og sitjeplassar som er tilpassa naturgitte tilhøve med omsyn til topografi og vegetasjon. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast, men uttak av tre og buskar i samsvar med vegetasjonsplan (jamfør føresegnene 2.1) vert tillate. Vanleg skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv er tillatt.

Parkering må tilpassast veganlegget i området, og om mogleg leggjast på eller opp til område for annan veggrunn, tekniske anlegg.

## 9.2 Turveg

Turvegen i F1 er ein del av den planlagde stien mellom Knarvik og Alversund.

Turvegen skal etablerast i ei breidde på 2,5 meter.

Det er sett krav om godkjent illustrasjonsplan utarbeidd av landskapsarkitekt for området F1 før det vert gjeve løyve til tiltak, jamfør føresegnene punkt 2.1.

## § 10 OMSYNSSONER

### 10.1 Sikringssone jamfør Plan- og bygningslova § 12-6 og § 11-8e

#### 10.1.1 Frisiktsone.

I området mellom frisiktlinje og kjøreveg (frisiktsone) skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgde på 0.5 meter over vegplan på tilstøytande vegar.

#### 10.1.2 Andre sikringssoner - tunnel

Innanfor områda satt av til sikringssone tunnel, er tiltak i grunnen som kan gje uheldig verknad for vegtunnelen ikkje tillatt. Ved søknad om tiltak over eller inntil tunnel med sikringssone, skal det dokumenterast at omsøkt tiltak ikkje vil ha nokon verknad på tunnelen eller sikringssonen.

#### 10.1.3 Område med eksisterande reguleringsplan

Vedtatt reguleringsplan gjeld for dei avsette områda.

#### 10.1.4 Høyspentanlegg

I fareområdet kan det ikkje oppførast bygningar for varig opphald eller uteopphaldsareal for bustad og barnehage.

#### 10.1.5 Anleggsområde

Området kan nyttast til anleggsområde. Etter ferdigstilling av veganlegget skal området tilbakeførast til arealbruksformålet.

**Lindås kommune**

**21.05.2013**

**revidert 04.10.2013 og 19.12.2013**